



## **Samarbeidsavtale**

mellom

**Lindås kommune** (vertskommune)

og

**Fedje-, Gulen-, Masfjorden-, Meland-, Modalen-, Osterøy- og Radøy kommune**

(samarbeidskommunar)

om tilsyn etter plan- og bygningslova.

### **1. Avtaledokument.**

Vedlegg- Økonomi

Vedlegg. – Tilsynsstrategi

Samarbeidsavtalen (om administrativt vertskommunesamarbeid) gjeld når kommunane har gjort vedtak i samsvar med kommunelova § 28-1b - og - vertskommuneavtale om tilsyn etter plan- og bygningslova - er inngått. Protokollane for vedtaka skal leggest ved denne avtalen.

### **2 Deltakarar.**

I dette vertskommunesamarbeidet etter kommunelova § 28-1b er Lindås kommune vertskommune og Fedje-, Gulen-, Masfjorden-, Meland-, Modalen-, Osterøy- og Radøy kommune er samarbeidskommunar.

### **3 Oppgåver og avgjørelsesmynde som vert lagt til vertskommunen.**

#### **3.1. Oppdraget.**

Lindås kommune, (heretter vertskommunen) påtar seg å utføre felles tilsyn etter PBL§25-1, 3.ledd og SAK10§15-1b.

#### **3.2. Avgrensing av oppdraget.**

Tilsynskontoret skal arbeide i samsvar med felles vedtatt tilsynsstrategi.

### **4 Overføring av oppgåver og mynde.**

#### **4.1 Oppgåver og mynde overførast 1.juli 2017.**

#### **4.2 Samarbeidskommunane delegerer mynde til rådmann i vertskommunen til å treffa avgjerd i einskildsaker av ikkje prinsipiell art, jf KL§28a jf §23 nr 4, etter PBL§22-4, PBLkap.25 og kap.32 og tilhøyrande forskrifter. Klage følgjer KL§28-1,f.**

#### **4.3. Tilsynet skal arbeide uhilda etter felles vedtatt tilsynsstrategi.**

### **5 Organisering og mannskap**

#### **5.1 Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar og gjer tilsetting.**

#### **5.2 Tilsynet skal ha minimum tilsynsleiar + eit årsverk, jf SAK10§15-1b, ressursbruk.**

#### **5.3 Det skal vere både byggt teknisk og juridisk kompetanse i tilsynet, jf SAK10§15-1 b, kompetansebehov.**

#### **5.4 Vertskommunen er ansvarleg for arbeidsplass og naudsynt utstyr, - og ansvarleg for journalføring og arkiv.**

#### **5.5 Tilsynsleiar sin nærmaste overordna er vertskommunen sin einingsleiar som har byggesaksansvar.**

#### **5.6 Tilsynsleiar sine plikter framgår av tilsynsstrategien.**

#### **5.7 Tilsynsleiar er ansvarleg for aktiv informasjon til publikum om tenesta, herunder utarbeide informasjonsmateriell.**

#### **5.8 Det skal leggest til rette for fagutvikling hos tilsynskontoret sitt personell.**

### **6 Informasjon om vedtak og anna som har verknad for samarbeidet.**

Kopi av all korrespondanse i tilsynssaker sendast aktuell samarbeidskommune.

Avvik frå vilkår i samarbeidsavtale eller tilsynsstrategi skal informerast særskilt utanom årleg rapportering.



## **7 Økonomiske forhold.**

- 7.1 Utrekning av økonomisk oppgjerd, administrasjon og saksbehandling.  
Oppgjerd for driftskostnader skjer på grunnlag av faktiske kostnader ved at vertskommunen utfører felles tilsyn. Det vert vist til vedlegg til avtalen, og er på årsbasis anslått til 1,8 mill.kr som utgangspunkt for avtalen. Løn- og prisjustering skjer i samsvar med standard prisindeks. Etableringskostnad og avviklingskostnad (Eingongskostnad) vert fakturert i samsvar med fordelingsnøkkel.
- 7.2 Faktura og dokumentasjon, administrasjon og saksbehandling.  
Vertskommunen sender faktura to ganger i året, per 01.07 og per 31.12.

## **8 Avtaletid.**

- 8.1 Avtalen gjeld i 3-tre år med verknad frå 01.07.17, med automatisk lenging for 3-tre år om gongen.  
Avtalen gjeld til den vert sagt opp.
- 8.2 Samarbeidsrutinar og anna som ikkje er regulert i denne avtalen, og endringar i avtalen som ikkje er lagt til kommunestyret sjølv å vedta etter KL§28-1e, kan avtalast administrativt.
- 8.3 Partane kan med 6 månader skriftleg varsel krevje forhandling av avtalen i avtaleperioden. Endring av avtalen skal først som vedlegg til avtalen. Endring av avtalen skal vedtakast, ved likelydande vedtak, av kommunestyret i kvar av samarbeidskommunane.
- 8.4 Partane kan tre ut av samarbeidet etter skriftleg varsel til vertskommunen. Uttreden kan tidlegast finne stad ved årsskifte tre år etter at skriftleg varsel er mottatt av vertskommunen.
- 8.5 Den enkelte part kan med 1-eitt års varsel seie opp sitt deltakarforhold i vertskommunesamarbeidet etter KL§28-1i, pkt.2.
- 8.6 Der varsel om oppseiing ligg føre, skal varselet behandlast av rådmennene i avtalekommunane - om vidare drift.

## **9 Framgangsmåte ved usemje.**

Eventuell tvist skal partane søkja avklart ved forhandling. Lukkast ikkje dette, skal tvisten avgjerast ved voldgift, der kvar part oppnemnar sin representant, og med lensmannen i Lindås og Meland som voldgiftsdomar om partane ikkje er samde om ein annan person som voldgiftsdomar.

. - o 0 o - .